



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 2, 64. ÅRGANG, 2025



KONFIRMANTAR 2025

Fremst frå venstre: Karl Hillestad Sollie, Line Brusveen, Eli Vatn, Alma Rabben Lundby, Tim Ekerbakke.

2. rekke: Elida Mari Gudheim, Trine Rudi, Vilje Ekerbakke Skrenes, Randi Rogne, Tilla Huset-Bring, Anne Guri Ringli, Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum.

3. rekke: Even Hesjadal Linn, Alfred Gustav Svenson, Alexander Hegge, Sigurd Melbye Strand, Kristian Gøsta Røine, Eirik Brendstuen-Rudi, Alexander Bruland Myrvang

4. rekke: Vår Thon Lønnum, Håkon Fystro-Robøle, Brage Skattebo, Even Andre Fossberg-Ringstad, Mari Bie Pettersen. Sivert Lyseng Mørstad er ikkje til stades på bildet.



Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Ingrid Meyrick, Gunvor Hegge,
Marit Hegde og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / **VIPPS:** 105751
Lay-out: designsaskia.no
Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

FRAMSIDE: Konfirmantar 2025
FOTO: Christine Stokkebryn

 DEN NORSKE KYRKJA
ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang,
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggnes
E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no
KONTORTID: Alle dagar 10-14

KYRKJEVERJE:	Ove Ekerbakke	481 40 309
SOKNEPREST/FJELLPREST:	Eli Vatn	991 29 976
PROST:	Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETÆR:	Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARB.:	Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR:	Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR:	Marianne Straum	901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE VIPPS: 513422
Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Ole Martin Alfstad

VOLBU KYRKJE VIPPS: 590221
Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Lene Viste

LIDAR KYRKJE VIPPS: 135151
Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE VIPPS: 587467
Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Wenche Melbybråten

SOKNEPRESTEN HAR ORDET

Ein prest kryssar sitt
grøne spor



Utsikta frå kjøkenvindauga mitt heime var ein åker. Der såg far min utover og vurderte om graset kunne slåast, om det spirte godt, om det var nysådd, om himmelen over lova regn eller godt slåttevår. Der gjekk vi på ski eller laga leikehus i snøen om vinteren, og av og til stal vi oss til å gøyme oss i det høge graset om sumaren.

Eg er glad for rommet vi hadde for leik og opplevinga av paradiset på jord, for på do låg *Framtiden i våre hender*. Foreldra mine var opptekne av naturvern og berekraft, og det mangla ikkje på dommedagsåttvaringar med omsyn til korleis vi måtte ta vare på kloden vår og framtida vår.

Dei hadde god grunn for si åttvaring mot stort forbruk og flyreiser, ja lenge før flyskam vart eit omgrep. Klimaendringar og øyding av plante- og dyremangfald var dei dystre spådomane deira.

Då eg vart fjellprest på Beitostølen for 20 år sidan, fekk eg ein eigen talarstol, eller ei eiga leikegrind om du vil. Eg kjente at det var leiken på snødekt åker og ulovleg leik i graset, ærefrykta for det som grodde og den gode samkjensla med naturen som var drivkrafta mi. Dommedagsprofetiar gjorde meg kan hende medviten om farane, men stod og i fare for å ta frå meg livsmotet og handlekrafta. Difor vart strategien min å peike på det store og vakre i Guds skaparverk, håpe på at folk skulle kjenne at dei høyrde til i og hadde respekt for naturen og slik tok vare på han.

Eg har lika betre å lokke enn å skremme. Om det har vore ein god strategi, veit eg ikkje. For mange er det mest skremmande at folk ikkje tek farane på alvor! Eg og kyrkja har blitt skulda for å ikkje ta miljøproblemet på alvor! Kan hende har strategien å peike på glede ved og respekt for naturen ikkje vore nok, men eg har og lurt på om dei har vore i kyrkja og høyrd oss be for naturen og skaparverket i kvar einaste gudsteneste!

I skrivande stund nyt eg vakre, men litt skremmande solfylte maidagar. Eg ser enden på mine dagar på preikestolen og ser fram til ein utvida grønsakhage, fleire høner, nokre ender, kaninar og kan hende ein gris eller nokre kopplam å fø om sumaren. Eg håpar på gode landbruksoppgjjer som gjer det mogleg for bønder å drive berekraftig og gje landet vårt større sjølvberging. Eg håpar på gode bygder og naboforhold som gjev oss ro til å bu, feriere og vere der vi er.



Min pensjonistdraum. Foto: Eli Vatn



Hilsen fra Island

AV: ÖRN BARDUR JÓNSSON
FOTO: PRIVAT

Det har gått nesten 6 år sidan eg kom attende til Island etter å ha tenestegjort som prest i Norge i 5 år. No er det prestemangel i Island også, som det var i Norge då eg budde der.

I november/desember i fjor vart eg bedt om å vikariere som sokneprest i dei sørlege Vestfjordane på Island, og sidan nyttår har eg tenestegjort i Vopnafjörður på nordaustkysten. I skrivande stund er eg på besøk i Reykjavík og har fem gravferder som ventar meg.

Eit gammelt islandsk ordtak seier: *”Sér grefur gröf þótt grafi”* - (Den som grev ei grav for andre, fell sjølv i den).

I ei påskepreike i år sa eg: *”Enginn sleppur lifandi úr þessu lifi”* - (Ingen slepp levande ut av dette livet). Men eg trur at Jesus Kristus er oppstaden, og saman med han skal vi ein gong også stå opp!

Korleis er det best å leve? Budskapet frå kyrkja er klart, og vitskapen har mykje å seia om det.

Vi må vera spesielt merksame på mange område i livet. Eg nemner tre viktige:

- Det mellommenneskelege – å vera i gode relasjonar med andre menneske og å elske sin neste.
- Naturen- vi må styrke vår tilknytning og medvit om at vi er ein del av naturen. Vi kjem frå jorda, og vi skal vende tilbake til jorda.
- Den Allmektige- vi må vera medvitne om at vi er med i den store samanhengen og dyrke vårt forhold til Gud gjennom lesing, bøn og tilbeding.

Alt dette må ikkje skje gjennom elektroniske medier, nei, vi må gjera dette utan mellomledd:

- Vi må sjå vår neste i augo!
- Vi må oppleve angen i naturen, fargane, harmonien!
- Vi må tilbe Gud og tene han!

No samlar det seg mørke skyer mange stader i verda. Maktfordelingsprinsippet blir mykje kritisert i fleire land. Kva vil skje med demokratiet, med grunnleggande verdiar, med fred, med kyrkja?

Vi må verne om verdiar og hjartevarme. Og du er viktig i denne samanhengen.

La oss leve i desse tre viktige livsområdene, og vitne om opplevingane våre- og eg trur at mange vil vise at dei gjerne vil blomstre saman med oss.

Eg sluttar med ord fra Salme 1- om ho ellar han, som ”har si glede i Herrens lov og grundar på hans lov dag og natt. Han er lik eit tre planta ved rennande vatn. Det gjev frukt i rett tid, og lauvet visnar ikkje. Alt han gjer, skal lukkast.”
Guð blessi þig!

*Den gylne sirkel -
fossefallet Gullfoss, Island.
Foto Saskia Aleida Van Veen*



Verdien av å gå på gudsteneste



Edmund må vel fortene heidersnamnet benkeslitar, sjølv om han sjølv ikkje veit heilt om han fortener det. Men for mitt indre har han ein fast plass ganske langt bak på herresida i Hegge kyrkje.

Vi møtest ved Hegge kyrkje dit han no soknar. Det er mjukt fjorårsgas å gå i, enno har ikkje det nye kome så langt. Sola varmar, og på bjørka kan du berre ane eit lysegrønt skjær. Medan vi ruslar rundt, får eg lurt ut av han litt om oppveksten hans og barndomens tilhøve til gudstenester.

Han kjem frå grenda Kvåle i Sogndal, ei marin terrasse med seks gardar. Det var i den tida eit spesielt verv i grenda å be til gravferd. Og da bestemor hans vart gravlagt i 1955, ba denne karen heile grannelaget. Gravferda starta frå garden. Med hest og kjerre drog dei til kyrkjegarden som låg eit par kilometer unna. Eit bygdefellesskap med gode ordningar for å ta vare på kvarandre når det trongst – også i kyrkjeleg samanheng.

- Korleis var kyrkjegangen då du var unge, då?
- Eg var yngst av fem ungar, og dei drog oss jo med til gudsteneste. Eg veit ikkje om dei var på gudsteneste kvar sundag, men jamleg, og ho mor var engasjert i misjonen.
- Nokre spesielle bilde du hugsar frå gudstenester i din barndom?
- Eg lika spesielt orgelmusikken og salmesongen. Eg lika å synge. Det kunne vel bli litt langdrygt for ein liten gut om preika var lang. Men så var det jo samlinga etterpå på kyrkjebakken, som også var ein viktig del av det heile.

Edmund minnest òg presten som hadde så sterkt mål, ikkje berre i kyrkja, men også elles. Det var mest skremmande for ein liten gut når han vart snakka til av presten utanom i kyrkja.

Medan vi ruslar rundt på kyrkjegarden, kjem praten inn på då Edmund vart vald inn i soknerådet, ja, jamvel som leiar. Det var ikkje noko han vart spurd om, men nokon fann det for godt å foreslå han. Dette var i den tida då dei skulle byggje ny kyrkje i Eidfjord, og Edmund fekk ansvaret for å prosjektere dette. Det vart ei fin arbeidskyrkje med rom for mange aktivitetar. Første byggetrinn var barnehagen som ein del av kyrkjebygget. Den grunnleggande tenkinga for arbeidskyrkja var at ungane skulle vekse opp med eit nært og naturleg forhold til det kyrkjelege. I denne kyrkja er no Signe dotter hans prest. Det må vera eit

spesielt forhold til den kyrkja, tenker eg.

Dette minner meg på slik det har vore; kongen og staten har sendt prestar, og folket i bygda har bygd kyrkjene. Og framleis er det den praktiske omsorga for kyrkja som mange kjenner seg heime i og er engasjert av. «Trua er lettare gjort en sagt», som tidlegare biskop Tor Singaas beskreiv trua i Trøndelag. Slik er det vel fleire plassar enn der.

Men tidene forandrar seg, no er ansvaret for kyrkjebygga fellesrådet sitt, og det er ikkje berre for sokneråda å ta tak i vedlikehaldet på kyrkjene sine. Sokneråda har fått meir ansvar for å ta seg av kyrkja sitt indre liv, legge planer for undervisning, gudstenester og kyrkjemusikk. For mange er dette noko dei ikkje heilt trur seg til (sjølv om dei godt kunne tru seg til det!). Framleis kjenner bygdefolket ansvar for kyrkjebygget, og så «har vi folk til å ta seg av det som har med forkynning og andre aktivitetar å gjere». For meg har det vore viktig å ta vare på folks engasjement for kyrkjebygget, «denne trua som gjer», men det er og på sin plass å gje litt akt på det som foregår inne i kyrkja, på gudstenesta. Så vi penser oss inn på temaet att.

- Kva er verdien av å gå på gudsteneste då, Edmund.
- Det er framleis salmesangen, og ikkje minst utlegginga av ordet og nattverden. Ein prest heime i Sogn sa ein gong at nattverden er ein kvilestad, der kan ein leggje ifrå seg det som tyngjer.
- Ja, det er fint sagt, held eg med han i, men eg er redd førestillinga om ikkje å vera verdige nok sit i framleis.
- Det er eg samd med deg i, det gjekk mange år før eg sjølv gjekk til altars, held Edmund fram.

- Ja, også eg kjenner igjen at det tok tid, spesielt var det litt skummelt å gå til altars heime der eg kjem ifrå – det vil seie fyrste gongen etter den faste altargangen søndagen, eller var det måndagen, etter konfirmasjonen.


- Det er vel også noko om at ein er redd for å skilje seg ut, legg Edmund til.
- Eller at folk skal tru at ein er blitt «religiøs», supplerer eg.
- Kva betyr preika då?
- Utlegginga av ordet er viktig for å få påfyll for trua. Og så er fellesskapet viktig.

Det er fint, tenkjer eg. Fellesskap der og då, i kyrkja med dei som er der, benkeslitarane, dåpsfolka, konfirmantane, eit kyrkjefellesskap og eit bygdefellesskap.

- Så til sist; kva rolle spelar kyrkjebygget for gudstenesta?
- Det er ei viktig ramme som knyter opplevingar til kyrkjebygget, enten det er her, i Eidfjord eller heime i Sogn. Men det betyr ikkje anna enn at friluftsgudstenester også kan vera like kjekke og fine.

Eg tek farvel der under open himmel styrkt i trua på gudstenesta.

MIN SALME



Jeg har valgt NOS 726, «Menneske, du som har kunnskap».

Det er en dagsaktuell tekst med en påminnelse om at vi må forvalte jorda vår på en god måte.

- Bente Helle Schlytter

Menneske, du som har kunnskap

1 Menneske, du som har kunnskap, jorden er gitt deg i gave, en vev uten sømmer, en helhet fra Gud, /: riv ikke veven i stykker! :/

2 Menneske, bruk dine sanser. Kjenn hvordan alt bærer til deg den hellige duften fra skapelsens gry. /: Alt skal du verne og elske. :/

3 Menneske, all denne skjønnhet eier sin rikdom alene, så stans på din grådige råvarejakt. /: Alt skal forvaltes ærbødig. :/

4 Menneske, selv er du innfelt i denne jordiske orden. Du har det du fikk og må gi når du går, /: alt er et lån og en gave. :/

5 Menneske, kjemp for det gode, slik at rettferdighet seirer, for jorden, vår mor, bærer nok for enhver. /: La ikke fattigdom råde. :/

6 Menneske, jorden er truet, veven blir revet i stykker! Menneske, hør gjennom alt som er skapt, /: kall til et liv i forsoning! :/

Norsk salmebok 726

T © Eyvind Skeie M © Arne Bendiksen. Trykkerettigheter adm av Norsk Noteservice as, Oslo. S © Ivar Jarle Eliassen



15. mars hadde vi Tårnagentsamling i Volbu kyrkje, der åtte dyktige agentar vart godkjende og klare for oppdrag!
Takk til konfirmantar, stab og sokneråd for god hjelp!

Alle foto tårnagent: Elida Marie Gudheim og VårThon Lønnum

Bibel-"aking" - 27. mars i Lidar



Sjåande leier blind under bibelrebus. Foto Eli Vatn



11-åringane gjer seg klare til å bera på gullstol fram til neste post i bibelakekonkurranse. Foto: Eli Vatn

Påskevandring - 1. april i Lidar & 3. april i Rogne



Påskevandring med dei eldste i Beito barnehage i Lidar kyrkje. Foto: Stine Øraker Horge

Bilete til høgre: Påskevandring med dei eldste i Rogne barnehage i Rogne kyrkje.
Foto: Stine Merete Rogne

Bibelutdeling - 13. mai i Volbu



Alltid ein vaktande engell! Oppgåve ved Stupulen i Volbu.
Foto: Eli Vatn

Ivrige 11-åringar på veg mellom postane i bibelrebus.
Foto: Eli Vatn



Bibelutdeling i Volbu. Foto: Eli Vatn



Gamle kristne tradisjonar

I alle fire nummera av kyrkjebladet dette året vil vi ta for oss gamle tradisjonar brukt i kyrkjelege handlingar.

TEKST: MARIT HEGDE I SAMTALE MED MAGNY KARLBERG

Dåpsklede

Magny Karlberg skriv i boka si «Frå Versailles til Valdres»:

Ein barnefødsel var og er ei stor og viktig hending for gard og ætt. Tida før og etter barnefødsel var ei krevjande tid for mor og barn i tidlegare tider. Ikkje så sjeldan døydde dei bae....

Vi er så heldige at vi kan spørja Magny vidare.

- Korleis var dåpsungen kledd?
- Det kom an på tidsperioden og kor gamal ungen var.

Fyrst på 1900-talet vart ungen reiva i 40 dagar, i tidlegare tider endå lenger.

I Valdres har mange høyrte om «reivarungar», men få har sett reiva ungar, eller kan reiva på gamlemåten.

Ein reivarunge trong trøye, skjorte, ei eller fleire bleier, reiv, linde eller reiveband, underlue eller hyllek/hylk, og lue. Til dåpen måtte barnet i tillegg ha eit «kristningsplagg» (kristneteppe) omkring seg.



Reiva unge, frå boka «Frå Versailles til Valdres»

Foto: Kristin Gulbrandsen

Magny fortel at det var fyrst på 1900-talet eller seint på 1800-talet at dei kvite dåpsluene kom til å erstatta dei farga luene. Då vart også etter kvart dei kvite dåpskjolane meir vanlege.

Dåpsluene var lenge ulike for gutar og jenter. Gutane hadde «kilelue» med fem kilar, jentene «trebladslue». Dette var luer i farga stoff. Dei kvite luene som kom etter kvart, var pull-luer eller kyser.

Fyrst fekk ungen knytt på ein kvit snipp, eit trekanta stykke som dei tulla hovudet inn i, knytt i nakken. Utanpå snippen var det hylk, som er eit kvitt, rektangulært stykke, gjerne pynta med blonder eller kniplingar og det gjekk ut over akslene og. Utanpå der att sette dei lua.



Gutelue med fem kilar.

Foto: Marit Hegde



Jentelue med hylk og snipp.

Foto: Marit Hegde

Framveksten av den kvite lua var då ei kvit underlue under den farga lua erstatta hylken. Etter kvart vart den kvite lua meir pynta og erstatta den farga lua.

Ei årsak til at hovudet måtte pakkast så godt inn, var at ungen måtte døypast raskt etter fødselen, gjerne innan 14 dagar. Då var tanken at i tida før dåpen var ungen ufrelst, så det var viktig å få døypt raskt. Då måtte ein reise til den kyrkja der det var messe, og det kunne vera langt unna.

Det viktigaste plagget var kanskje likevel kristneteppeet ungen blei pakka inn i. Dette teppet fylgde fra vogge til grav, gjennom alle høgtider i livet.



kulturminne i Øystre Slidre



Vi har gleda av at kultursjef i kommunen, Kari Onstad, vil dele viktige kulturminne med lesarane! Øystre Slidre kommune har no ferdigstilt si fyrste kulturminneplan. Det er eit stort mangfold av kulturminne og kulturmiljø i kommunen, som neste generasjonar skal ha glede og nytte av. Kulturminneplanen skal vere eit nyttig verktøy i å forvalte og formidle kunnskap om kulturminna våre.

FOTO: GUNVOR HEGGE

BYGNINGSMILJØ OG TUN

Før i tida var det storgardar og husmannsplassar. Døme på det me kallar «storgardar» i Øystre Slidre er Sørre Rogne, Løken og Røe. Døme på husmannsplassar er Skattebumarken, Øvre Sele og Nedre Kleiven. Talet på husmenn steig veldig frå 1700-talet og gjorde at fleire hadde dårlege levekår. Dette bidrog til at fleire reiste til Amerika. Kulturminneplanen omtalar nokre av gardane og husmannsplassane nærare.

Her ser vi nærare på Beitohaugen (2/6):

VÅNINGSHUSET er ei påbygd gamal stogo, kjøpt frå Sørgarden i Skammestein. Huset har no to høgder og er panelt utvendig, men interiøret i den gamle stogo er godt teke vare på.

GAMLESTOGO er ei lafta stogo frå omtrent 1700-talet, men kom til Beitohaugen omlag 1890. Huset har eit opphaldsrom og eit buarom. Spelemannen Nils Beitohaugen med familie budde i denne stogo. Gamlestogo har torvtak.

BUAHUSET er eit lite lafta hus frå slutten av 1700-talet. Det er i to høgder og har torvtak.

UTHUSET er samansett av fleire hus, stakk med trev, låve med trev, eit lite mellombygg i reisverk og fjøs. Særleg fjøset er særst gammalt. Heile huset har torvtak.

SMIA er lafta og har skifertak, og er truleg frå fyrst på 1800-talet. Nils Beitohaugen var ein flink smed, og denne smia vart ein mykje nytta arbeidsplass for han.

Rett ovafor tunet står det ein minnestein. Det er til minne om meisterspelemann Nils Beitohaugen (1863-1927). Steinen blei avduka i 1948 og var henta på Heklefjell.



Tekst på steinen:

Staut var guten, smålåten still,
men ein trollmann te spela:
so eggjande vill, so mjuk og mild
let tonen frå fela.
Han sto og lydde ein sumarkveld,
myrkret seig stilt yver dal og fjell,
stemte so sine strengje.
Strauk upp med so ven ein huldrelåt
at folket stod fjeltra i låt og gråt.
Spelet hans minnast so lengje.

FOTO TIL HØGRE: INGRID MEYRICK



Intervju med konfirmantar

KONFIRMAN*

TEKST OG FOTO: MARIT HEGDE

Vi står på parkeringsplassen mellom Hegge kyrkje og kyrkjestogo og ser på konfirmantane som spring fram og attende mellom husa så støvskya står. Dei førebur seg på skodespelet dei skal ha på overhøyringsdagen. Fire av dei har sagt seg villige til å bli intervjuet. Det er Alfred Gustav Svenson, Brage Skattebo, Vår Thon Lønnum og Mari Bie Pettersen.

Det heile begynner med at dei ler når eg spør om kva konfirmasjonstida har betydd for dei. Dei seier at det betyr at dei nå er blitt vaksne, og festen med familie og venner er viktig for dei. For nokon kan det bety at dei kjem nærare trua si.... Og så er det det med pengane - «det måtte ut...» Det er jo ikkje hemmeleg at gåvene er viktige, slik er det vel for dei fleste. Så gåvene, festen og å vere med familien er viktig, slik har det alltid vore.

- Kva har vore bra med konfirmasjonstida?

Det har vore lærerikt, vi har lært mykje om Gud og kristendommen. Og så hadde vi det veldig gøy på Hekta-leir i Håkonshallen på Lillehammer, saman med alle dei andre konfirmantane i Innlandet. Det var eit høgdepunkt? Eitt av høgdepunkta, da – sjølve konfirmasjonsdagen er eit anna, seier dei. Dei gler seg nok til det som kjem. Det var også artig då dei hadde innsamling til Kirkens Nødhjelp.

- De har vel ikkje berre lært om Gud og kristendommen? Nei, vi har snakka om døden, om livet og om etikk. Det har blitt ein del diskusjonar, og det er ikkje berre dei vaksne som snakkar. Mange tør å seie ifrå om dei er ueinige.

- Er det noko som har vore dumt eller kjedeleg med konfirmasjonstida, då?

Det har vore litt mykje tid som har gått med, det vart mange gonger å møte opp. Det er fleire som har gått glipp av treningar eller øvingar dei skulle vore på. Det har vore undervisning annakvar veke mykje av året. Nokre gonger har vi droppa undervisninga viss det har vore noko anna viktig.

- Korleis er det å vera i kyrkja, då, på gudsteneste?

Det kan vere ganske kjedeleg... men det kan også være hyggeleg på ein måte, noko heilt anna å gjera saman med jamnaldrande. Det er hyggeleg å vere saman med klassekameratar utanom skulen òg. Det er ikkje det same som å henge på Fagernes, liksom. Det blir litt seriøst, men også litt gøy. Å syngje, det blir det ikkje så mykje av, nei...

- Er det noko som kunne ha vore annleis i kyrkja som hadde gjort at det kunne vore meir ålreit for ungdom å vera der? Dei må tenkje seg litt om – ikkje noko dei kjem på –

Jo, kanskje hvis det var slik som vi gjorde nå, med skuespill, dramatisering av evangeliet og historiene. Viss det var litt annleis musikk, ikkje berre orgel, eller nokon som kom og spelte litt meir moderne musikk.

- Viss de vart spurt seinare om å vere med på noko slikt, ville det ha vore aktuelt?

Kanskje for dei som driv med teater i Fagernes, det er det



Konfirmantane: Vår, Brage, Alfred og Mari.

fleire som gjer.

- Kjem de til å gå i kyrkja seinere ein gong, eller berre ved store anledningar?

Dei kunne kanskje tenkje seg å gå i kyrkja ein gong når dei blir meire vaksne, det er ikkje heilt utenkjeleg. Dei går jo i kyrkja på juleftan, og kanskje i påska.

- Er det noko de vil seia til oss vaksne, kva vi kan gjera når vi møter dykk i kyrkja? Det blir latter.

De kunne kanskje prate litt med oss, helse på oss, for det kan jo hende at nokon har lyst til å gå i kyrkja, men ikke kjenner nokon der. Det er jo ei felles interesse, da.

- Kva er hovudinteressa dykkar, kva gjer de når de ikkje er på skulen?

Vi driv med trening og speling, det er skiskyting, fotball, handball og svømming. Vi trenar 10-15 timar i veka, kanskje, og så blir det dataspel, da, i alle fall for tre av fire. Speling er kanskje mest ein guteting, men ein del jenter driv også med det, eller scollar på telefonen, da. Det blir nok ein del timar, men kor mange snakkar vi ikkje om. Her blir det ein del latter. Gutane seier noko om antall timar i veka med dataspel, men dei blir raskt arrestert av jentene. Vi kommenterer ikkje dette. (Foreldra skal kanskje lesa.)

Dataspel er nok ein viktig hobby. Scrolling på telefonen kan kanskje ikkje kallast hobby. «Bed rotting»- råtne i senga – kan det kallast ein hobby? Ein ligg i senga mest heile dagen og forts. neste side

scollar på telefonen. «Brain rotting» er eit anna namn på det same, det høyrest ikkje bra ut, men blir nemnt med glimt i auga. Desse ungdomane driv nok ikkje så mykje med det. Dei er vakne og aktive.

- Kva brukar de elles livet dykkar til når de ikkje er på skulen?

Vi pleier å vera mykje med vener, sosialisere. Vi tek buss til Fagernes, eller til Heggenes. Nå som det blir varmt, kan vi henge litt på Furustrand òg. Om vinteren er det mange som står på slalåm. Skateparken på Tingvang er også ein bra stad å vera.

Avskjedsgudsteneste i Lidar kyrkje 24. august kl. 11

Det er rart å ta avskjed etter vel 20 år i teneste som prest i Øystre Slidre. Fyrste tenesta hadde eg alt i 2002 då eg var prostiprest i Valdres. Sidan vart det fastare med Fjellprest på Beitostølen frå 2005, etter kvart supplert med sokneprest i halv stilling saman med Anita og Ørnulf, Ørn og Jon som vikarierte for henne. Til slutt i full soknepreststilling med fjellpresttenesta som ein del av stillinga frå hausten 2014, formelt innsett 1. februar 2015.

Det har vore mange gode år å sjå tilbake på; mykje spanande å vere med på som fjellprest, så mange gode engasjerte soknerådsmedlemmar og kollegaer i staben å samarbeide med. Så mange ungar i kyrkjehus og klokketårn, konfirmantar, dåpsforeldre og dåpsbarn,

I bilen på veg heimover pratar vi også om kva som skjer ute i den store verda. Nyheiter finn dei elektronisk, f. eks på VG nett, og dei fortel at dei ikkje tenkjer så mykje på krig, dei er ikkje så bekymra for det.

Tusen takk til Mari, Vår, Brage og Alfred for at de ga oss eit lite innblikk i livet og tankane til ungdomar i bygda, og lykke til med resten av konformasjonstida, ja, med heile livet!

ektefolk og sørgande. Alle gudstenestene, frå dei mest «nedpå» med nokre få trufaste – der ein kjenner at no ber vi bygda i bøn, til trompet og orgelbrus ved stappfulle konfirmasjons- eller julekveldsgudstenester; høgtidelege og varme. Samtalar med menneske som ber på alvorlege spørsmål i livet, høve til å vera der som representant for ein tilgjevande Gud.

Når eg ser meg attende, er det ei gåte for meg at ikkje fleire vil bli prestar – eit så rikt liv. Ikkje minst i ein kommune som Øystre Slidre. Med stor glede, og litt vemod takkar eg for meg. Vonar å få takke for tida som prest til mange av dykk i Lidar 24. august kl 11.00. Kaffi blir det og!

- Eli



KYRKJEVERGEN HAR ORDET

Forprosjekt Hegge stavkyrkje Fellesrådet har fått tildelt midlar til eit spanande forprosjekt for måling av Hegge stavkyrkje. Målet med prosjektet er å finne den beste måten å måle og bevare kyrkja på. Dette vil resultere i eit anbudsgrunnlag for målinga, og viss alt går etter planen, vil kyrkja bli måla neste sommar.

Klipp av kyrkjegardane sommaren 2025 Vi har tilsett dyktige folk til å ta seg av klyppinga på kyrkjegardane denne sommaren. Sjølv om vi vurderte å prøve ut robotgrasklyppar ved Hegge, hadde vi dessverre ikkje økonomi til å kjøpe inn klyppar i år. Vi håpar å få til dette neste år.



KYRKJELEGE HANDLINGAR

MARS - MAI 2025

DÅP

VOLBU KYRKJE
Tobias Steinsrud Carey

LIDAR KYRKJE
Styrk Lagrud Grønolen

HEGGE STAVKYRKJE
Lexie Huset-Olsen

ROGNE SOKN
Emma Thorud Skattebo
Ronja Robøle

GRAVFERD

ROGNE KYRKJE
Kjell Ove Nybakk
Åse Brun

HEGGE STAVKYRKJE
Ingrid Robøle Hegge
Trygve Daleng



VELKOMEN TIL KYRKJE!

FULLDISTRIBUSJON

Juni

15 06 2025 Volbu kyrkje kl. 11.00 Høgmesse og dåp ved prost Carl Philip Weisser

15 06 2025 Hegge stavkyrkje kl. 13.00. Gudsteneste med dåp ved prost Carl Philip Weisser

29 06 2025 Rogne kyrkje kl. 11.00 Høgmesse og dåp ved prost Carl Philip Weisser

Juli

06 07 2025 Hegge sokn 12.00 Stølsmesse Skredalen hjå Nordtorp ved prost Carl Philip Weisser

13 07 2025 Rogne sokn kl. 12.00 Stølsmesse med dåp, Tansberg hjå Miriann og Ole André Bolstadbråten ved sokneprest Eli Vatn

27 07 2025 Hegge stavkyrkje kl. 19.30 Gudsteneste med dåp ved prestevikar Ingrid Albert

August

03 08 2025 Lidar sokn kl. 12.00 Stølsmesse Urek hjå Signe Skammestein ved prestevikar Ingrid Albert

10 08 2025 Volbu sokn kl. 12.00 Stølsmesse på Bukono hjå Anne Marie og Gunnar Melbye ved prost Carl Philip Weisser

17 08 2025 Rogne kyrkje kl. 11.00 Høgmesse «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» og dåp ved sokneprest Eli Vatn

17 08 2025 Hegge kyrkje kl. 13.00 Gudsteneste «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» og gullkonfirmanttreff ved sokneprest Eli Vatn

24 08 2025 Lidar kyrkje kl. 11.00 Avskjedsgudsteneste for sokneprest Eli Vatn. Kyrjekaffi på Lidar skule

31 08 2025 Volbu kyrkje kl. 11.00 Utsendingsgudsteneste ved prost Carl Philip Weisser
Pilegrimsvandring med konfirmantane til Hegge stavkyrkje kl. 17.00
Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

September

14 09 2025 Lidar kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

20 09 2025 Volbu kyrkje kl. 11.00

21 09 2025 Rogne kyrkje kl. 11.00 Høgmesse

21 09 2025 Øystre Slidre Helsetun kl. 16.30 Gudsteneste

28 09 2025 Volbu kyrkje kl. 11.00 Høgmesse og dåp

29 06 2025 Volbu kyrkje kl. 13.00 Høgmesse og dåp ved prost Carl Philip Weisser

Oktober

05 10 2025 Hegge stavkyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

Salmekveld

i Rogne kyrkjestogo kl.19.00.
1. september, 22. september og
13. oktober 2025

Babysong

i Rogne kyrkjestogo kl. 11.00-13.00
2. og 23. september og 14. oktober 2025 .
Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

www.skjerikirken.no - Dette er ei felles infoside om alt som skjer i kyrkja.

KYRKJA SI HEIMESIDE: www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK. /Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

Gullkonfirmanttreff

er den 17. august i Hegge stavkyrkje kl. 13.00. Etter messa er det middag og festleg samvær i Hegge kyrkjestogo.

Alle som vart konfirmerte i Hegge kyrkje 22 . juni 1975 får eiga innbyding med påmelding.

Til deg som går i 9. klasse – har du tenkt på konfirmasjon?

Innskriving i Rogne kyrkje 19. august 2025 kl. 19.00. Alle ungdomar er velkomne som konfirmantar. Er du ikkje døypt; ta kontakt med kyrjekontoret. Konfirmasjonsdatoar våren 2026 er 7. juni Volbu og Rogne. 14. juni Lidar og Hegge.

Fyrste samling er 31. august i Volbu kyrkje kl. 10.00. Gudsteneste med pilegrimsvandring frå Volbu, langs Vindeåne til Hegge kyrkje med gudsteneste kl. 17.00. Turen er for konfirmantar, føresette, fadrar og andre som vil vere med.

Heilt

– utdeling av 6-årsbok!

Blir du 6 år i år?

Då er du spesielt invitert til gudstenesta den 17. august. Rogne kyrkje kl. 11.00 for dei på Rogne skule og Hegge stavkyrkje kl. 13.00 for dei på Lidar skule.

Her vil du få utdelt 6-årsbok, ei bok om Bo og Nora, med både teikneseriar og bibelforteljingar. Me feirar skulestarten din med ei heilt fyrsteklasses gudsteneste.

Velkomen til deg! Foreldre, besteforeldre og andre du vil ha med er sjølvsagt også velkomne!

Redaksjonen ønsker alle ein god sommar.